



Møteprotokoll Formannskapet

Møtedato: 11.05.2017
Møtestad: Møterom - Børilden
Møtetid: 09:00 - 16:00

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle
Per Lerøy	AP	Ordfører
Anne Dahle Austrheim	KRF	Varaordfører
Siri Kaland	AP	Medlem
Jan Erik Espelid	V	Medlem

Forfall meldt frå medlem:	Parti	Rolle
Jorund Stellberg	UAH	Medlem

Frå administrasjonen møtte: Jan Olav Osen, Asbjørn Toft, Rolf Henning Myrmel og Thomas Lindås

Olav Birger Andersen møtte i sak 040/17, 041/17 Og 042/17

Dato, 12.05.17

Per Lerøy
ordfører

Jan Olav Osen
rådmann

Sakliste

Saknr	Tittel
027/17	Godkjenning av innkalling og saksliste
028/17	Godkjenning av møteprotokoll
029/17	Meldingar
030/17	Delegerte saker
031/17	Orienteringssak
032/17	Ballplass - Kaland barne- og ungdomsskule
033/17	Godkjenning av Reguleringsplan for Kaland-Fonnes del av GNR 130 og 131 i Austrheim, planid 2016001
034/17	Godkjenning av Reguleringsplan Fv. 57. Parsell Austrheim grense – Mongstadkrysset, planid. 2016002
035/17	Uttale til søknad frå CIT Holding AS om oppdrett av torsk på ny lokalitet Trøvika ved Sævrøy i Austrheim kommune
036/17	Dispensasjon - Sak 17/292 gbnr 129/47 Litlås - tilbygg
037/17	Dispensasjon Sak 17/160 gbnr 157/83 - Bergsvik - flytebrygge
038/17	Delegasjonsreglement for Austrheim kommune - Revisjon
039/17	Uttale om organisering og formidling av hjelpemiddel
040/17	Budsjettoppfølging for april 2017
041/17	Årsmelding 2016
042/17	Rekneskap 2016

027/17: Godkjenning av innkalling og saksliste

Rådmannen sitt framlegg:

Innkalling og sakliste vert godkjent

11.05.2017 FORMANNSKAPET

Rådmannen sitt framlegg vert samrøystes vedteke

FS - 027/17 - 11.05.2017 - Vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent

028/17: Godkjenning av møteprotokoll

Rådmannen sitt framlegg:

Møteprotokoll frå forrige møte og endring av protoll frå møte den 02.11.16 vert godkjent

11.05.2017 FORMANNSKAPET

Rådmannen sitt framlegg vert samrøystes vedteke

FS - 028/17 - 11.05.2017 - Vedtak:

Møteprotokoll frå forrige møte og endring av protoll frå møte den 02.11.16 vert godkjent

029/17: Meldingar

Rådmannen sitt framlegg:

Meldingane vert tekne til orientering

11.05.2017 FORMANNSKAPET

Det var ingen meldingar.

FS - 029/17 - 11.05.2017 - Vedtak:

Det var ingen meldingar.

030/17: Delegerte saker

Rådmannen sitt framlegg:

Delegerte saker vert tekne til orientering

11.05.2017 FORMANNSKAPET

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke

FS - 030/17 - 11.05.2017 - Vedtak:

Delegerte saker vert tekne til orientering

031/17: Orienteringssak

Rådmannen sitt framlegg:

11.05.2017 FORMANNSKAPET

Orienteringar:

-Wenche Myrmel orienterte om sjukefråver i kommunen

-Asbjørn Skår frå KS vart sjuk og deltok ikkje i møtet. Han vil halde orienteringa i eit seinare møte.

-Rolf Henning Myrmel orienterte om fylgjande:

- tilskot frå Fylkeskommunen på kr. 1.270.000,- til veglys

-Mulighetsstudie om felles brannvesen i Nordhordland

-Bergensalliansen sitt opplegg om brannsamarbeid i Hordaland

-Veg til Furuly

-Gangbru på Fønnes

-Ordføraren orienterte om skriv av 27.04.17 frå politiet om fastsetjing av administrasjonsstad for Vest politidistrikt sine geografiske einingar og tenesteeiningar.

-Rådmannen orienterte om avtale med Nordhordland skatteinnskrevarkontor om midlertidig overføring av skatteinnskrevarfunksjonen.

Fellesframlegg:

Orienteringane vert teke til vitande.

Fellesframlegget vart samrøystes vedteke.

FS - 031/17 - 11.05.2017 - Vedtak:

Orienteringane vert teke til vitande.

032/17: Ballplass - Kaland barne- og ungdomsskule

Rådmannen sitt framlegg:

Austrheim kommunestyret godkjenner at det blir nytta kr 783.640 for å etablere speleflate på Kaland idrettsanlegg.

Kostnaden vert dekkja frå 32306 099 022710 - Idrettsanlegg Kaland med overføring frå 32306 099 026715 - nye omsorgsbustadar

11.05.2017 FORMANNSKAPET

Framlegg frå Ap v/ Siri Kaland:

Austrheim kommunestyret godkjenner at det blir nytta kr 783.640 til sport court på Kaland idrettsanlegg. I tillegg kan det nyttast inntil 100 000 til toppdekke på resten av idrettsplassen. Speleflata skal vera på plass til skulestart hausten 2017.

Kostnaden kr. 883. 640 vert dekkja frå 32306 099 022710 – Idrettsanlegg Kaland med overføring frå 32306 099026715 – nye omsorgsbustadar.

Framlegget frå Ap v/ Siri Kaland vart samrøystes tilrådd.

FS - 032/17 - 11.05.2017 - Vedtak:

Austrheim kommunestyret godkjenner at det blir nytta kr 783.640 til sport court på Kaland idrettsanlegg. I tillegg kan det nyttast inntil 100 000 til toppdekke på resten av idrettsplassen. Speleflata skal vera på plass til skulestart hausten 2017.

Kostnaden kr. 883. 640 vert dekkja frå 32306 099 022710 – Idrettsanlegg Kaland med overføring frå 32306 099026715 – nye omsorgsbustadar.

033/17: Godkjenning av Reguleringsplan for Kaland-Fonnes del av GNR 130 og 131 i Austrheim, planid 2016001

Rådmannen sitt framlegg:

Austrheim kommune godkjenner planendring for *Reguleringsplan for Kaland-Fonnes del av GNR 130 og 131 i Austrheim, planid 2016001*. Grunngevinga er gjeve i saksutgreiinga. Planskildring er datert 15.12.2016, reguleringsplankartet er datert 09.12.2016 og reguleringsføresegner 27.03.2017. Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova si § 12-12.

11.05.2017 FORMANNSKAPET

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes tilrådd.

FS - 033/17 - 11.05.2017 - Vedtak:

Austrheim kommune godkjenner planendring for *Reguleringsplan for Kaland-Fonnes del av GNR 130 og 131 i Austrheim, planid 2016001*. Grunngevinga er gjeve i saksutgreiinga. Planskildring er datert 15.12.2016, reguleringsplankartet er datert 09.12.2016 og reguleringsføresegner 27.03.2017. Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova si § 12-12.

034/17: Godkjenning av Reguleringsplan Fv. 57. Parsell Austrheim grense – Mongstadkrysset, planid. 2016002

Rådmannen sitt framlegg:

Austrheim kommune godkjenner *Reguleringsplan Fv. 57. Parsell Austrheim grense – Mongstadkrysset, planid. 2016002*. Grunngevinga står i saksutgreiinga. Plankart og reguleringsføresegner er datert 21.10.2016, planskildringa er datert 18.04.2017. Vedtaket er heimla

i plan- og bygningslova si § 12-12.

11.05.2017 FORMANNSKAPET

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes tilrådd.

FS - 034/17 - 11.05.2017 - Vedtak:

Austrheim kommune godkjenner *Reguleringsplan Fv. 57. Parsell Austrheim grense – Mongstadkrysset, planid. 2016002*. Grunngevinga står i saksutgreiinga.

Plankart og reguleringsføresegner er datert 21.10.2016, planskildringa er datert 18.04.2017. Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova si § 12-12.

035/17: Uttale til søknad frå CIT Holding AS om oppdrett av torsk på ny lokalitet Trøvika ved Sævrøy i Austrheim kommune

Rådmannen sitt framlegg:

Formannskapet i Austrheim er positiv til omsøkt torskeoppdrett ved Trøvika, vest for Sævrøyna. Formannskapet ber om at Fylkesmannen i Hordaland vurderer grundig utsleppsløyve etter forureiningslova her sidan straumtilhøva er låge på omsøkt lokalitet. Formannskapet viser elles til saksutgreiinga og rådmannen si vurderinga i saka som er ein del av uttalen.

11.05.2017 FORMANNSKAPET

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

FS - 035/17 - 11.05.2017 - Vedtak:

Formannskapet i Austrheim er positiv til omsøkt torskeoppdrett ved Trøvika, vest for Sævrøyna. Formannskapet ber om at Fylkesmannen i Hordaland vurderer grundig utsleppsløyve etter forureiningslova her sidan straumtilhøva er låge på omsøkt lokalitet. Formannskapet viser elles til saksutgreiinga og rådmannen si vurderinga i saka som er ein del av uttalen.

036/17: Dispensasjon - Sak 17/292 gbnr 129/47 Litlås - tilbygg

Rådmannen sitt framlegg:

Formannskapet i Austrheim gjev dispensasjon som omsøkt for tilbygg til næringsbygg.

Grunngjeving er gjeve i saksutreiinga.

Vedtaket er heimal i plan- og bygningslova §§ 19-2 jf. 11-6.

Vedtaket vert send Fylkesmannen i Hordaland for klagevurdering.

11.05.2017 FORMANNSKAPET

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

FS - 036/17 - 11.05.2017 - Vedtak:

Formannskapet i Austrheim gjev dispensasjon som omsøkt for tilbygg til næringsbygg.

Grunngjeving er gjeve i saksutreiinga.

Vedtaket er heimal i plan- og bygningslova §§ 19-2 jf. 11-6.

Vedtaket vert send Fylkesmannen i Hordaland for klagevurdering.

037/17: Dispensasjon Sak 17/160 gbnr 157/83 - Bergsvik - flytebrygge

Rådmannen sitt framlegg:

Formannskapet i Austrheim kommune gjev dispensasjon til flytebrygge som omsøkt, på følgjande vilkår:

- Utliggarar skal fjernast i tidsrommet 01. november til 01. mars.
- Det skal ikkje fortøyast båtar større enn 20 fot i anlegget.
- Brygga skal vera open for ålmenta.
- Det skal vere 2 gjesteplassar yst på anlegget. Desse skal merkast med skilt.
- Det må takast omsyn til fiskeriinteressene i området ved val av oppankring og tidspunkt for etablering av anlegget. Dette må gjerast greie for i byggjesøknaden.

Grunngjeving er gjeve i saksutgreiinga.

Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova § 19-2.

Vedtaket vert sendt Fylkesmannen i Hordaland, samt naboar som har kome med merknad, for klagevurdering.

11.05.2017 FORMANNSKAPET

Det var synfaring i saka der fylgjande var tilstades:

Formannskapet: Per Lerøy, Anne Dahle Austrheim, Siri Kaland og Jan Erik Espelid
Administrasjonen: Thomas Lindås, Asbjørn Toft, Rolf Henning Myrmel og Jan Olav Osen
Naboar: Kjersti Pedersen, Tom Sørensen og Bjørn Strømsnes

Fellesframlegg:

Formannskapet i Austrheim kommune gjev dispensasjon til flytebrygge som omsøkt, på følgjande vilkår:

- Utliggarar skal fjernast i tidsrommet 01. november til 01. mars.
- Det skal ikkje fortøyast båtar større enn 20 fot i anlegget.
- Brygga skal vera open for ålmenta.
- Det skal ikkje etablerast båtfeste med blåser i sjø på eigedomen så lenge flytebrygga ligg der.
- Det skal vere 2 gjesteplassar yst på anlegget. Desse skal merkast med skilt.
- Det må takast omsyn til fiskeriinteressene i området ved val av oppankring og tidspunkt for etablering av anlegget. Dette må gjerast greie for i byggjesøknaden.

Grunngjeving er gjeve i saksutgreiinga.

Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova § 19-2.

Vedtaket vert sendt Fylkesmannen i Hordaland, samt naboar som har kome med merknad, for klagevurdering.

Fellesframlegget vart samrøystes vedteke.

FS - 037/17 - 11.05.2017 - Vedtak:

Formannskapet i Austrheim kommune gjev dispensasjon til flytebrygge som omsøkt, på følgjande vilkår:

- Utliggarar skal fjernast i tidsrommet 01. november til 01. mars.
- Det skal ikkje fortøyast båtar større enn 20 fot i anlegget.
- Brygga skal vera open for ålmenta.
- Det skal ikkje etablerast båtfeste med blåser i sjø på eigedomen så lenge flytebrygga ligg der.
- Det skal vere 2 gjesteplassar yst på anlegget. Desse skal merkast med skilt.
- Det må takast omsyn til fiskeriinteressene i området ved val av oppankring og tidspunkt for etablering av anlegget. Dette må gjerast greie for i byggjesøknaden.

Grunngjeving er gjeve i saksutgreiinga.

Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova § 19-2.

Vedtaket vert sendt Fylkesmannen i Hordaland, samt naboar som har kome med merknad, for klagevurdering.

Rådmannen sitt framlegg:

Austrheim kommunestyre godkjenner revidert delegasjonsreglement datert april 2017.

11.05.2017 FORMANNSKAPET

Fellesframlegg:

Austrheim kommunestyre godkjenner revidert delegasjonsreglement datert april 2017 med fylgjande tillegg under § 4 - 4:
- innkreving av renovasjonsavgift

Fellesframlegget vart samrøystes tilrådd.

FS - 038/17 - 11.05.2017 - Vedtak:

Austrheim kommunestyre godkjenner revidert delegasjonsreglement datert april 2017 med fylgjande tillegg under § 4 - 4:
-innkreving av renovasjonsavgift.

039/17: Uttale om organisering og formidling av hjelpemiddel**Rådmannen sitt framlegg:**

Austrheim kommunestyre sender fylgjande uttale til høyringa om organiseringa av hjelpemidlar:

Austrheim kommune meiner retten til hjelpemidlar skal liggje i folketrygda med eit statleg finansieringsansvar og eit nasjonalt formidlingssystem for fagleg rådgjeving og utlån av hjelpemidlar. Dette vil sikre funksjonshemma tilgang til nødvendige hjelpemidlar på alle livsområde slik at grunnleggjande menneskerettar vert ivaretatt. Retten til hjelpemidlar må ikkje vere avhengig av geografisk bustad og kommuneøkonomi. Staten bør forbetre hjelpemiddelordninga ved å styrke kommunane sitt ergoterapitilbod og rehabilitering, utvikle betre IKT-løysingar og gjere forenklingar. At innbyggjarar, gjennom folketrygda, er sikra hjelpemidlar som kompenserer for funksjonsnedsetjing, vil ha betydning for eit levande lokaldemokrati der alle kan delta.

26.04.2017 KOMMUNESTYRET

Fellesframlegg:

Austrheim formannskap vert delegert mynde til å gje uttale i saka.

Fellesframlegget vart samrøystes vedteke.

KS - 027/17 - 26.04.2017 - Vedtak:

Austrheim formannskap vert delegert mynde til å gje uttale i saka.

11.05.2017 FORMANNSKAPET

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

FS - 039/17 - 11.05.2017 - Vedtak:

Austrheim kommunestyre sender fylgjande uttale til høyringa om organiseringa av hjelpemidlar: Austrheim kommune meiner retten til hjelpemidlar skal liggje i folketrygda med eit statleg finansieringsansvar og eit nasjonalt formidlingssystem for fagleg rådgjeving og utlån av hjelpemidlar. Dette vil sikre funksjonshemma tilgang til nødvendige hjelpemidlar på alle livsområde slik at grunnleggjande menneskerettar vert ivaretatt.

Retten til hjelpemidlar må ikkje vere avhengig av geografisk bustad og kommuneøkonomi. Staten bør forbetre hjelpemiddelordninga ved å styrke kommunane sitt ergoterapitilbod og rehabilitering, utvikle betre IKT-løysingar og gjere forenklingar. At innbyggjarar, gjennom folketrygda, er sikra hjelpemidlar som kompenserer for funksjonsnedsetjing, vil ha betydning for eit levande lokaldemokrati der alle kan delta.

040/17: Budsjettoppfølging for april 2017

Rådmannen sitt framlegg:

Statusrapport for april 2017 vert teke til vitande.

11.05.2017 FORMANNSKAPET

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes tilrådd.

FS - 040/17 - 11.05.2017 - Vedtak:

Statusrapport for april 2017 vert teke til vitande.

041/17: Årsmelding 2016

Rådmannen sitt framlegg:

Årsmeldinga for 2016 vert teke til vitande.

11.05.2017 FORMANNSKAPET

Til møtet låg det føre særutskrift frå kontrollutvalet si handsaming av saka i møte den 09.05.17. Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes tilrådd.

FS - 041/17 - 11.05.2017 - Vedtak:

Årsmeldinga for 2016 vert teke til vitande.

042/17: Rekneskap 2016

Rådmannen sitt framlegg:

Årsrekneskap for 2016 vert godkjent slik det ligg føre. Årsresultatet i driftsrekneskapet er kr. 4 456 800 i mindreforbruk. Mindreforbruket skal brukast til å redusere meirforbruket i 2015 som var på kr. 8 247 655. Resten av meirforbruket frå 2015, kr. 3 790 855 skal dekkast inn i 2017.

Årsresultatet i investeringsrekneskapet er kr. 0

Note 10, oversikt over låneopptak og unytta lånemidlar, vert godkjent slik han ligg føre og overført til vidare bruk i 2017.

Merknad og innspel frå revisjonsmelding og uttale frå kontrollutvalet vert tatt til fylgje og innarbeidd i det vidare rekneskaps og økonomiarbeid i kommunen.

11.05.2017 FORMANNSKAPET

Til møtet låg det føre særutskrift frå kontrollutvalet si handsaming av saka i møte den 09.05.17.

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes tilrådd.

FS - 042/17 - 11.05.2017 - Vedtak:

Årsrekneskap for 2016 vert godkjent slik det ligg føre. Årsresultatet i driftsrekneskapet er kr. 4 456 800 i mindreforbruk. Mindreforbruket skal brukast til å redusere meirforbruket i 2015 som var på kr. 8 247 655. Resten av meirforbruket frå 2015, kr. 3 790 855 skal dekkast inn i 2017.

Årsresultatet i investeringsrekneskapet er kr. 0

Note 10, oversikt over låneopptak og unytta lånemidler, vert godkjent slik han ligg føre og overført til vidare bruk i 2017.
Merknad og innspel frå revisjonsmelding og uttale frå kontrollutvalet vert tatt til fylgje og innarbeidd i det vidare rekneskaps og økonomiarbeid i kommunen.
